



Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterk folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 8.000. Det er god kollektivtransport til/frå Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunesenteret Frekhaug er under 1/2 time.

For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene kommune er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meningsfylt og del av eit viktig samfunnsoppdrag. Meland kommune har ei verdimelessig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".

Helsefagarbeidar, natt-tenesta - 62,44% fast stilling

Stillingsinformasjon

Det er ledig fast stilling som helsefagarbeidar ved Natt-tenesta i 62,44 % stilling frå 01.03.2018.

Natt-tenesta er organisert i samarbeid mellom Meland Sjukeheim og heimetenesta og er ei spennande og utfordrande stilling. Stillinga inneheld både sjølvstendig arbeid og arbeid i team.

Vi legg vekt på god fagleg kompetanse. Det er ynskjeleg med erfaring frå ulike fagområde. Vidare er det viktig at ein er med å skaper eit triveleg miljø for pasientar og medarbeidarar.

Arbeidsplass

Meland Sjukeheim har denne visjonen:
Omsorg med livsglede og kompetanse.

Våre verdiar er:

Respekt - Tillit - Livsglede.

Meland sjukeheim har desse avdelingane:

- Korttidsavdeling - Solkroken
- Langtidsavdeling - Nordgardstunet og Lerketunet
- Dagsenter for eldre
- Insitusjonskjøkken

Meland Sjukeheim har innført årsturnus og arbeider med heiltidskultur. Dette gjer at ein kan påverka eigen ferie, fritid og større stillingsprosent. Det er ynskjeleg at nettenesta også vert med i dette arbeidet.

Kvalifikasjonskrav

Norsk autorisasjon som helsefagarbeidar
Sertifikat.

Erfaring og personlege eigenskapar vert vektlagt som bla gode samarbeidsevner, fleksibilitet og interesse for fagfeltet. .
Gode norske kvalifikasjonar, både skriftleg og munnleg.

Vi tilbyr

Løn etter gjeldande tariffavtale

God pensjonsordning.

IA bedrift.

Godt og fagleg stimulerande arbeidsmiljø med dyktige og engasjerte kollegaer

Søknad skal sendast

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

Generell informasjon

Godkjend politiattest som ikkje er eldre enn tre månader må framvisast ved tilsetjing og seinast før arbeidstakar byrjar i stillinga.

Søknadsfrist 25.02.2018

Utlyst dato 07.02.2018

Vårref

8/18

Kontaktperson

Randi Rotevatn Minde, Leiar Meland sjukeheim, tlf: 56171230, randi.r.minde@meland.kommune.no